

# Forslag til etablering av bevaringsområde for hummar i Sognefjorden



## Samandrag

Forslag til bevaringsområde for hummar i kommunane Luster, Lærdal, Aurland, Vik, Sogndal, Leikanger, Balestrand og Høyanger. Utarbeidd av Sognefjorden Vel 18.02.2018.

## Innhald:

Mandat og prosess .....	1
Bevaringsområde.....	1
Kriteriar for val av område .....	2
Fiskereglar .....	3
Utveljing av bevaringsområde i kvar kommune .....	4
Kjelder: .....	111
Vedlegg.....	12

## Mandat og prosess

Sognefjorden Vel har initiert å innføre bevaringsområde for hummar i Sognefjorden. Havforskningsinstituttet har oppfordra interesserte kommunar til å ta initiativ til slike område. Sogn regionråd koordinera dette arbeidet.

Sognefjorden Vel innehar nødvendig kompetanse til å kunne utarbeide eit forslag til bevaringsområde.

Dette utkastet er korrigert etter ein prosess der kommunane Luster, Lærdal, Aurland, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik og Høyanger har meldt at dei vil vere med i prosessen. I byrjinga av februar 2018 har det vore arrangert tre folkemøter i regionen. Denne rapporten har prøvd å innarbeide ulike ønske og innspel som kom fram på disse møta.

Sentrale forandringar som er innarbeida i forslaget etter høyringa er:

- Eit nytt område mellom Borlaug og Juvik i Vik kommune for å få god geografisk spreing av områda. Innspel frå folkemøte på Leikanger.
- Etter forslag frå Vik Jakt og Fiskelag flyttar vi område vest for Vik sentrum vestover til munninga av Arnafjorden.
- Etter forslag frå Vik Jakt og Fiskelag redusera vi storleiken på området aust for Vangsnes
- Ønskje om eit område i Fjærlandsfjorden er innarbeid ved å flytte området aust for Hella vestover med austgrense Kvinnafossen og rundt Hella ferjekai til elva ved Fenninga i Fjærlandsfjorden.

## Bevaringsområde

Hummarbestanden i Sognefjorden har vært aukande sidan 1990. Den har auka i tal og har samtidig blitt vanlegare i indre deler av fjorden. Fiskepresset har gått frå nesten fråverande til hardt i løpet av dei siste ti åra.

Pga. av lite gruntområde og bratte fjordskråningar langs Sognefjorden vil berre ca. 3 % av arealet produsere hummar (sjå vedlegg). I fangstsesongen lever hummaren frå 5 til omlag 20 meters djup langs land og er lett å finne og såleis svært sårbar for overfiske. Med bakgrunn i dette foreslår

Sognefjorden Vel at Fiskeridirektoratet må vurdere om fjordane kan få strengare teinebegrensingar enn kyststrøka (sjå vedlegg). Med same grunngeving ønsker vi at Havforskningsinstituttet evaluera hummarbevaringsområda i fjordane med jamne mellomrom i 10 årsperioden. Dette er viktig for å sjå om dei fungera like godt som områda med annan topografi på kysten.


Det er framleis bra rekruttering og bra med hummar under minstemålet i Sognefjorden, men veldig mykje av hummaren blir fiska opp i løpet av dei første åra etter at dei passerer minstemålet. Det er langt mellom hummar over 1 kg i Sognefjorden. Dette indikerer at fiskepresset er for stort.

Havforskningsinstituttet har vist at bevaringsområde for hummar er ein god måte å sikre bestanden for framtida. I bevaringsområda aukar både tal hummar og storleiken i løpet av få år. Slike områder vil derfor sikre gode årlege gytingar. Korleis naturen forvaltar gytinga rår vi ikkje over, men for å sikre bestanden for framtida er årleg tilførsel av hummarlarver heilt essensielt.

## Kriteria for val av område

Områda som blir valt ut må ha ein bra bestand med hummar. Dei må ligge spreidd på begge sider av fjorden, men ikkje ha større avstand enn at ein får spreidd hummarlarvene godt og at dei kan bunnslå langs heile fjorden. Vi føreslår fleire små område på rundt ein til fem kilometers lengde. Avstanden mellom kvart område bør ikkje være for lang. Grunnlaget for utveljing av område er intervju av yrkesfiskarar og fritidsfiskarar , og i tillegg bifangstobservasjonar av undermåls hummar i fangst av leppefisk.

Vi føreslår at område i Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Lærdal vert avsett til bevaringsområde (Fig. 1). I tillegg vert hummaren totalfreda i Luster og Aurland og i tillegg bør hummaren fredast i Høyangsfjorden og Sogndalsfjorden. Høyangsfjorden har ein bra bestand av hummar, men er så ureina at det er oppretta kosthaldsråd for fisk og skaldyr. Sogndalsfjorden har ein liten bestand hummar som allereie er hardt fiska på.



**Figur 1: Kartskisse over føreslegne bevaringsområde for hummar i indre delar av Sognefjorden. Blå linjer markerer bevaringsområde. Raude linjer markere ytre grenser i fredingsområde i fjordar.**

## Fiskereglar

Vi føreslår at fiskereglane i dei primære områda, markert med blå farge, vert som i områda på Sørlandet og i Hardanger. I bevaringsområda skal det vere forbod mot all fastståande reiskap ut til 50 meters djup. Det vert altså forbode med alle slags teiner, ruser og garn.

Vi har og føreslått at hummaren i Lusterfjorden, Aurlandsfjorden, Sogndalsfjorden og Høyangsfjorden vert totalfreda. I fjordarmene inst i fjorden har bestanden vore på veg opp, men aktivt fiske har truleg snudd denne trenden. I praksis betyr dette at berre hummarteiner blir forbode. Om ein får hummar i anna lovleg reiskap skal hummaren setjast ut igjen med det same. Det er og føreslått forbod mot hummarfiske i Høyangsfjorden. Denne fjorden er så ureina av ulike miljøgifter at konsum av hummar ikkje er tilrådeleg (Miljødirektoratet 2017).

Kvar kommune som deltar i prosjektet må regne med å sette av to til fire område av strandlinja til bevaringsområde. Det er viktig at områda ligger slik at hummarlarvar blir spreidd over heile strandlinja. For dei som fiskar etter hummar spelar kommunegrensa liten rolle. Det viktigaste er at områda fungera etter intensjonen. I dette forslaget vil meir enn 90 % av arealet framleis vil være tilgjengeleg for fiske. Vi prøver å velje ut område med lavt konfliktnivå.

Bevaringsområda vil ha en varigheit på 10 år.

## Utveljing av bevaringsområde i kvar kommune

### Luster og Aurland

De tre fjordarmene inst i Sognefjorden, Lusterfjorden, Årdalsfjorden og Aurlandsfjorden høyrer til Luster, Årdal og Aurland kommune. Årdal kommune er ikkje med i dette prosjektet. Årdalsfjorden har etter kvart fått ein liten bestand med hummar. Årdalsfjorden har kosthaldsråd for mellom anna skaldyr (Miljødirektoratet 2017), så hummaren har likevel eit slags vern av den grunn.

Lusterfjorden og Aurlandsfjorden har etter kvart ein liten marginal hummarbestand, som berre i liten grad er fiska på. Vi foreslår at hummaren vert totalfreda i desse kommunane. Det er ein aukande og bra bestand av taskekrabbe i disse fjordane. Vi foreslår difor at det framleis skal kunne fiskes krabbe med lovlege teiner med godkjente fluktopningar. Elles vert det ingen restriksjonar på reiskapsbruk i desse områda, men all hummar som blir fanga skal settast ut igjen.



**Figur 2. Grense i Aurland kommune. Rød linje markerer yttergrense for fredingsområdet**

Vi foreslår at hummaren vert freda i heile Aurland kommune (Fig. 2). Bestanden er aukande, spesielt i ytre delar av fjorden. Om denne bestanden får vere i fred, og naturen spelar på lag, kan ein etter ein 10 års fredingsperiode kanskje få ein robust og haustbar populasjon. Vi foreslår at luftspennet frå Simlenes til Buene vert grensa. Luftspennet ligg i Vik Kommune.

## Lærdal

Lærdal har ca. 50 km produktiv strandlinje. Sjølv om vi er langt inne i fjorden, finst det område som har grei tettleik med hummar. Vi føreslår eit bevaringsområde frå ferjekaien på Revsnes austover til Reinsåna; ein strekning på ca. 3,3 km (Fig. 3).



**Figur 3: Kartskisse over foreslått område i Lærdal kommune. Blå linje markerer bevaringsområdet.**

Koordinatar Revsnes-Reinsva: 6780449-405527 / 6778611-408215

## Sogndal kommune

Sogndal kommune har strandlinje på nordsida av Sognefjorden frå Luster kommune til Leikanger kommune, og i Fjærlandsfjorden frå Leikanger og Balestrand kommune. Produktivt hummarområde er ca. 120 km. Vi foreslår bevaringsområde frå Manheller ferjekai og austover til Skarduri (Fig. 4). Her finst ein grei tettleik av hummar for å vere så langt inne i Sognefjorden.

I vest foreslår vi bevaringsområde frå kommunegrensa mot Leikanger i Fatlaberget austover til Fiksnes. En strekning på ca. 2 km. Her er en bra bestand med hummar, og området er mykje brukt som fangstområde dei siste åra.



**Figur 4: Kartskisse over føreslegne område i Sogndal kommune. Blå linje markerer bevaringsområde. Rød linje markerer yttergrensa for fredingsområde i fjorden.**

Koordinatar: Manheller/Skarduri: 6781712-410466 / 6779250-407632

Koordinatar: Fiksnes/Kommunegrense Leikanger: 6784066-383364 / 6782527-387720

## Leikanger kommune

Leikanger kommune har strandlinje på nordsida av Sognefjorden frå grensa til Sogndal kommune i Fatlaberget til grensa til Sogndal kommune i Fjærlandsfjorden. Lengda er ca. 13,8 km.

Hummarbestanden i Leikanger kommune er stadvis bra. Vi foreslår to bevaringsområde i Leikanger (Fig. 5). Eit område frå Grindselvi i Vest og ca. ein km mot aust til Fosshagaelvi, og eit område frå Kvinnafossen vestover rundt Hella ferjekai, inn i Balestrand kommune til elva som kjem ned på Tenninga. Fiske etter hummar i desse områda har gitt gode fangstar dei siste åra. Fiske etter leppefisk i dette område har også vist ein god bestand av småhummar.




**Figur 5: Kartskisse over føreslegne område i Leikanger kommune. Bevaringsområde markert med blå linjer.**

Koordinatar: Grindselvi/austover til Fosshagaelvi: 6785164-378729 / 6785092-379658 Koordinatar:

Tenninga/austover til Kvinnafoss: 6788216-373648/67902101-370347

## Vik Kommune

Vik har strandlinje på sørsida av Sognefjorden frå Aurland kommune i Aurlandsfjorden til Høyanger kommune. Vi føreslår fire område i Vik Kommune (Fig. 6). Hummarbestanden i Vik er som i Leikanger kommune stadvis bra. Lengst vest foreslår vi bevaringsområde frå Gila til Midtelvi. Ved munninga til Arnafjorden foreslår vi eit område frå Eitrelvi til molo ved Limmesand og aust for Vangsnes frå Steingilet til Bergjuv. Heilt i aust foreslår vi eit område mellom sørvest for Borlaug frå Straumsnes til Inste Treunga nord for Juvik.



**Figur 6: Kartskisse over føreslegne område i Vik kommune. Bevaringsområde markert med blå linjer.**

Koordinatar : Gila-Midtelvi: 6777233-349842 / 6777092-352578

Koordinatar : Eitrelvi-Limmesand: 6772886/361574-6774521/363143


Koordinatar: Steingilet-Bergjuv: 6808652-53221 / 6781782-376116

Koordinatar : Straumsnes-Inste Tretunga: 6778896-385550/6775906-385385

## Balestrand kommune

Balestrand har ein produktiv strandlinje på ca. 82 km. Vi foreslår bevaringsområde vest i kommunen frå Kvist til Kongsnes og eit frå Kallestad rundt Målsnes, til saman ca. 3 km strandlinje (Fig. 7).

Område aust for Kongsnes er kjent for å være eit godt område for hummar. Osland havbruk har søkt om å etablere ein lokalitet for oppdrett av laks og aure i det same område. Bevaringsområde for hummar i strandlinja skal ikkje være til hinder for dette. Det gir heller ein unik moglegheit for å sjå utviklinga her i forhold til dei andre område som er upåverka av oppdrett.



**Figur 7: Kartskisse over føreslegne område i Balestrand kommune. Bevaringsområde markert med blå linjer.**

Koordinatar : Målsnes-Kallestad : 6780479-366913 / 6781744-367714

Koordinatar: Kongsnes-Kvist: 6784381-349604 / 6783538-350607

## Høyanger kommune

Høyanger har ca. 93 km produktiv strandlinje fordelt på begge sider av Sognefjorden. Høyanger kommune har hatt ein bra hummarbestand som har vore aukande sidan 1990 talet. Dei siste åra har fangstane vore minkande. Vi føreslår to bevaringsområde i Høyanger (Fig. 8). Eit på nordsida av fjorden aust for Nordvikane og eit på sørsida frå Strandselvi til Instevik, til saman ca. 4,7 km strandlinje. I tillegg føreslår vi at hummaren blir freda i heile Høyangsfjorden. Her finst ein grei bestand med hummar. Høyangsfjorden er ureina og har kosthaldsråd i forhold til konsum av fisk og skaldyr. Fjorden kan likevel fungere fint som rekrutteringsområde for hummar.



**Figur 8: Kartskisse over føreslegne område i Høyanger kommune. Blå linjer markerer bevaringsområde. Rød linje markerer yttergrense for freding i fjorden.**

Koordinatar: Strandselvi-Ytste Vikeelva: 6780965-335544 / 6780446-338073

Koordinatar: Norevik 6785713-325505 / 6785172-326419

## Kjelder:

**Samtalar/intervju:**     **Robert Padlesak**  
                                  **Arve Frivik**  
                                  **Tor Andre Balevik**  
                                  **Helge Bakke**  
                                  **Bjarne Sjøtun**  
                                  **Eigne observasjonar**

### **Skriftlege kjelder:**

**Fiskeridirektoratet:** <http://www.fiskeridir.no/Fritidsfiske/Noen-utvalgte-arter/Hummer/Fredningsomraader-for-hummer>

**Miljødirektoratet: Miljøstatus 2017**

## Vedlegg

### Tilrådsninger frå Sognefjorden Vel

#### 1. Forslag om reduksjon i bruk av antall hummerteiner i trange fjorder.

I løpet av møtene med hummerfiskere i regi av Sogn Regionråd i Leikanger, Lærdal og Balestrand (6. feb. Leikanger, Sogndal, Luster kommune; 7. feb. Aurland, Lærdal kommune; og 8. feb. Balestrand, Høyanger, Vik kommune) var det flere som trakk fram at et effektivt virkemiddel for å redusere fangstpresset på hummeren kunne være å redusere antall teiner for både fritidsfiskere og yrkesfiskere. Dette er en tanke som Sognefjorden Vel stiller seg positiv til siden trange fjorder som mangler langgrunne områder med holmer og skjær, sannsynligvis er mye lettere å overfiske enn kystlokaliteter.

Sognefjorden har et overflateareal litt under ca. 1 000 km<sup>2</sup>, men arealet med hummerbestand er betydelig mindre. Om man sier at Sognefjorden er ca. 200 km lang blir den samlede kystlinjen for hovedfjorden ca. 400 km. Om man videre sier at sidefjorder og bukter utgjør ca. 200 km, vil den samlede kystlinjen være ca. 600 km. Hovedutbredelsesområdet til hummeren i Sognefjorden kan grovt sies å være i dybdeintervallet 5-15 m, dvs. 10 m. Det totale arealet mellom 5-15 m i Sognefjorden blir da ca. 600 km x 0,01 km = 6 km<sup>2</sup>. Om en sier at hummer finnes i 0-50 m dyp blir det totale hummerarealet 5 x så stort, dvs. 30 km<sup>2</sup>, noe som utgjør kun 3 % av fjordens overflateareal. I praksis vil produktivt område være noe større avhengig av hvor bratte fjordskråningene er. Fiskeridirektoratet har anbefalt at størrelsen av fredningsområder ligger mellom 0,5-5 km<sup>2</sup>. Dette betyr at et fredningsområde på 5 km<sup>2</sup> vil utgjøre ca. 15 % av hummerens maksimale utbredingsområde i Sognefjorden. På grunn av hummerens lineære utbredelse i et begrenset dybdeintervall i Sognefjorden mener vi det er lett å fange opp mesteparten av hummerbestanden innenfor dagens fangstregime.

Dagens teinebegrensinger på 100 teiner for yrkesfiskere og 10 teiner for fritidsfiskere er dimensjonert for kystområder med store arealer for hummerbestander. Fisketrykket fra både yrkesfiskere og fritidsfiskere har økt betraktelig i Sognefjorden de siste ca. 5 årene. Etter vår mening er det mulig at det samlede fisketrykket fra både fritidsfiskere og yrkesfiskere i Sognefjorden lett kan bli så stort at hummerbestanden kan bli sterkt nedfisket med dagens forvaltningsregime.

Sognefjorden Vel vil derfor be Fiskeridirektoratet om å vurdere og redusere antall tillatte teiner pr bruker i Sognefjorden, og eventuelt andre trange fjorder, med 50 %, dvs. 50 teiner for yrkesfiskere og 5 for fritidsfiskere.

#### 2. Forslag til evaluering av effekt av bevaringsområder i trange fjorder

Siden det ikke finnes kunnskap om effekt av bevaringsområder i trange fjorder vil Sognefjorden Vel tilrå at innføring av bevaringsområder i Sognefjorden blir fulgt opp med undersøkelser som gjør det mulig å evaluere effektene av bevaringsområdene.